

# Utfordringer til Frøyland og Orstad

Gjennom visitasen har biskopen sett mykje å gle seg over i kyrkjelyden. Det er også tydeleg at stab og sokneråd sjølv har eit godt blikk på heilskapen i kyrkjelyden og vegen vidare. Innspela til det frå biskopen i form av utfordringar er som følgjer:

## 1. Ta vare på staben

I ein aktiv kyrkjelyd med ikkje for mange tilsette blir det fort høgt arbeidspress. Kyrkjelyden har god leiing, men med høge ambisjonar og mykje aktivitet kan det bli ei spenning mellom tilgjengelege ressursar og mål. Det kan skapa slitasje for dei tilsette og påverka resultata i kyrkjelyden. Det er viktig for kyrkjelyden å ta vare på det gode stabsmiljøet og dei gode medarbeidarane som nå er på plass.

God kompetanse er også viktig for å takla oppgåver og forventningar, så det er viktig å gje rom for dette, nokre gongar også på bekostning av aktivitet.

Biskopen har tillit til HMS-arbeidet både i soknet og fellesrådet, men minner om betydninga av å ha trivsel, arbeidspress og gode idéar til å organisera arbeidet godt jamleg på dagsorden i staben, i møter mellom stab og sokneråd og samtalar mellom leiar og medarbeidarar.

### Konkret tiltak:

- **Samtale om trivsel og arbeidspress i stabsmøte.**
- **Orientering om staben sin arbeidssituasjon til soknerådet, ved behov.**
- **Delta på kurs og samlingar for ulike faggrupper i kyrkja**

## 2. Skule-kyrkje

I foredraget er moglegheiten til å bruka pilegrimsarbeid som arena for skule-kyrkje-samarbeid nemnt.

Det er også litt ulik grad av kontakt mellom ulike skular. Kyrkja kan gjerne invitera til samtale med dei skulane ein har minst kontakt med, og viss det er behov for det kan bispedømmekontoret bidra med fagleg bistand i forhold til moglege tiltak og kva rammer som gjeld.

### Konkret tiltak

- **Drøfte pilegrimsarbeid som skule-kyrkje-tiltak i stab**
- **Sjå om ein treng eit møte med utvalde skular eller barnehagar for å få meir kontakt**

## 3. Samfunnskontakt.

Møtet med næringslivsleiarane viste eit potensial for god kontakt mellom kyrkje og næringsliv. Idéen om at kyrkja er med i den lokale næringsforeninga er god. Viss kyrkja ikkje blir invitert, kan det vera ein god idé å spørre om å bli med.

### Konkret tiltak

- **Ta kontakt med næringsforeninga viss ein ikkje blir invitert med i løpet av våren 2017.**

#### 4. Strategiarbeid

Stab og sokneråd har godt grep om strategiarbeidet og eit godt blikk for dei sentrale utfordringane. Til dette har biskopen ikkje mykje å tilføye, men vil spela inn to konkrete utfordringar:

##### Konkrete tiltak

- **Dagleg leiar og sokneprest kan sørgja for å setja seg inn i Kyrkjemøtet sitt visjonsdokument og bispedømmet sin strategi og sjå om kyrkjelyden sitt lokale strategiarbeid kan knyttast opp til dette.**
- **Soknepresten kan kort setja seg inn i MF sitt opplegg for «menighetsutvikling i folkekirken». Det kan, i heilskap eller delvis, bidra til økt kunnskap om kva som skal til for å nå lenger ut i lokalsamfunnet.**

#### 5. Gudsteneste

Gudstenesta i Frøyland og Orstad er god på involvering og lokal forankring, men går noko lengre enn det Kyrkjemøtet har lagt til rette for i dei sentrale ordningane, mellom anna i omfanget av temagudstenester.

Biskopen vil gjerne bli orientert om planane for gudstenester i god før nye planar blir lagt, slik at det kan bli etablert ein dialog om vegen vidare. Dette er det mest naturleg for ny biskop å følgja opp.

##### Konkret tiltak:

- **Kort brev til biskopen frå sokneprest i løpet av vinteren 2016/2017 om vidare planar for temagudstenester og tilpasningar av lokal grunnordning.**

#### 6. Ungdomsarbeid

Kyrkjelyden har sjølv peika på behovet for å bygga bru mellom ungdomsarbeidet og den vaksne kyrkjelyden. Dette er ei stor utfordring få kyrkjelydar har fasitsvar på. Biskopen vil bare peika på nokre punkt som kan vera nyttige:

##### Konkrete tiltak

- **Dialog med dei eldste ungdommane om kva dei ønskjer seg av kyrkjelyden**
- **Openheit for at andre tiltak enn gudsteneste kan vera viktige for tilknytninga til kyrkjelyden**
- **Sørgja for at ungdom er synlege og har oppgåver i gudstenesta**
- **Skapa forståing for «den vaksne» kulturen i ungdomsarbeidet, og for ungdommane sin kultur mellom dei vaksne**
- **Sørgja for god støtte og eit godt leiarfellesskap for ungdomsleiarane.**
- **Sjå etter gode måtar for vaksne å bidra i ungdomsarbeidet på.**
- **Ved høve: besøk i aktuelle kyrkjelydar som har gode fleirgenerasjonsgudstenester.**

## 7. Diakoni

Diakoni preger arbeidet i kyrkjelyden. Kyrkjelyden har godt fokus på diakoni, men kan gjera nokre tilpassingar når kapasiteten er til stades.

### **Konkrete tiltak:**

- **i ein periode der ein har kapasitet: Bli grønn menighet.**
- **I løpet av 2017: Oppdatere diakoniplanen så han svarer til situasjonen i dag.**
- **framleis leggja godt til rette for diakonal frivilligheit og sørgje for at diakoni er jamleg i fokus for soknerådet.**

Elles vurderer biskopen det slik at kulturarbeid, misjon, inkludering, trusopplæring og anna kyrkjelydsarbeid har god plass i kyrkjelyden og fungerer godt. Dei kommentarane som gjeld dette ligg i visitasforedraget.